


Planprogram kommunedelplan for klima og energi



Sveio kommune 2023-2030

Innhold

1. Bakgrunn for planarbeidet	3
1.1 Rammer for planprosessen	3
1.2 Planprogram.....	4
2. Føringer for klima- og energiplanen	4
2.1 Internasjonale og nasjonale føringer	4
2.2 Regionale føringer	5
2.3 Lokale føringer	6
3. Administrativ organisering av planprosessen	9
4. Politisk organisering av planprosessen.....	10
5. Plantema	10
6. Medverknad	12
7. Behov for utgreiing	13
8. Framdriftsplan	13

1. Bakgrunn for planarbeidet

Dei menneskeskapte klimaendringane har alvorlege konsekvensar for menneskar, dyr og natur. Noreg har gjennom Parisavtalen forplikta seg til å begrense klimaendringane og skal redusere utslepp

«Heile samfunnet må dra i same retning for at vi skal nå klimamåla og lukkast med det grønne skiftet» Meld. St. 13 (2020-2021)

av klimagassar med minst 50 prosent i 2030 og har mål om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050. Kommunane spiller ein viktig rolle i arbeidet for å nå nasjonale mål og Sveio kommune må ta sin del av den globale dugnaden.

Februar 2020 erklærte kommunestyret i Sveio at dei er samd i at verda står overfor store og alvorlege klimautfordringar. Rådmannen er derfor blitt beden om å ha fokus på arbeidet med å redusera kommunen sine utslepp og klimaavtrykk. Sveio kommune har i dag ein *Energi- og klimaplan (2011-2016)* som blei vedtatt prolongert i 2019. I *Planstrategien 2020-2023* blei det vedtatt oppstart av arbeidet med ny klimaplan i 2021.

Klima- og energiplanen vil vise korleis Sveio kommune skal arbeide med klima- og energispørsmål i eit heilheitleg perspektiv. Planen skal innehalde mål og prioriterte tiltak og vere eit underlag for alle avgjerder som involverer klimaspørsmål og energibruk.

1.1 Rammer for planprosessen

Sveio kommunes arbeid med klima- og energiplan er heimla i plan- og bygningslova. Arbeidet med denne planen vil følgja plan- og bygningslovens krav for prosess, medverknad og innhald. Energi- og klimaplanen vil bli utarbeidet som en egen kommunedelplan.

I Nasjonale forventningar til regional- og kommunal planlegging 2019 – 2030 står klima- og energibruk sentralt. Her står:

«For å hindre alvorlige klimaendringer må vi i årene som kommer forberede oss på en langsiktig omstilling til et lavutslippssamfunn. Vi må også tilpasse oss effekten av klimaendringer som allerede skjer. Dette krever at vi tar i bruk sterkere virkemidler enn vi har gjort til nå, og at vi sikrer effektiv ressursutnyttelse i areal- og samfunnsutviklingen. Samtidig blir det viktig å legge til rette for økt verdiskaping og næringsutvikling, og innovasjon og vekst i nye og grønne næringer. Regjeringen vil fremheve kommunenes og fylkeskommunenes sentrale roller som utviklingsaktør og planmyndighet i arbeidet for et sikkert, vekstkraftig og miljø- og klimavennlig samfunn.»

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning konkretiserer at kommunane, fylkeskommunen og staten skal bidra til reduksjon av klimagassutslepp og økt miljøvenleg energiomlegging gjennom planlegging og utøving av mynde. I tillegg skal planlegging bidra til at samfunnet blir førebudd og tilpassa klimaendringane (klimatilpassing).

«Klimautfordringa er global, men utsleppa skjer gjennom handlingar og prosessar lokalt» Meld. St. 13 (2020-2021)

Planperioden er sett til 2023-2030, då mange av dei nasjonale målsettingane vi arbeidar for å nå er sett til 2030.

1.2 Planprogram

For alle regionale planar, kommuneplanar, og reguleringsplanar som kan ha vesentleg verknadar for miljø og samfunn, skal det som ledd i offentleg ettersyn av planoppstart utarbeidast eit eige planprogram som grunnlag for planarbeidet, jamfør plan- og bygningslova § 4-1 planprogram.

Planprogrammet skal gjere rede for:

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosess med fristar og deltaking
- Opplegg for medverknad
- Trong for utgreiingar

Planprogrammet skal bidra til at planprosessen blir meir oversiktleg, gjennomsiiktig og føreseieleg. Det er derfor viktig at desse aspekta blir varetatt i planprogrammet. På denne måten blir grunnlaget styrkt for god medverknad og relevante innspel vidare i planprosessen. Ein kan seia at planprogrammet er ei oppskrift på korleis den kommande planen blir.

2. Føringar for klima- og energiplanen

2.1 Internasjonale og nasjonale føringar

FNs Klimakonvensjon (UNFCCC) trådde i kraft i 1994 og har vore viktig grunnlag for seinare internasjonale klimaavtalar som *Kyotoprotokollen (vedtatt 1997/trådde i kraft 2005)* og *Parisavtalen (vedtatt 2015 /trådde i kraft 2016)*. Samen utgjere desse avtalane det overordna, globale rammeverket for internasjonalt klimaarbeid i dag. Kyotoprotokollen er ein avtale som skal redusere utslepp av skadelege klimagassar. Parisavtalen er ein avtale som skal sørge for at landa i verden klarar å avgrense klimaendringane. Målet er å halde auken i den globale gjennomsnittstemperaturen godt under 2 gradar samanlikna med før-industrielt nivå og arbeide for å avgrense temperaturauken til 1,5 gradar. Gjennom EØS-avtalen samarbeider Noreg med EU om å nå felles oppfyljing av klimamålet for 2030. Noreg har forplikta seg til å redusere utslepp av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 prosent innan 2030, samanlikna med 1990. I 2050 er målet å vere eit lågutsleppssamfunn. For å få til dette er det vi gjere dei neste ti åra avgjerande. I *Klimakur 2030* har Miljødirektoratet, Statens vegvesen, Kystverket, Landbruksdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat og Enova analysert potensialet for å redusere ikkje-kvotepliktege utslepp (mellom anna frå transport, landbruk, avfall og bygg og anlegg) av klimagassar og tiltak som auker opptak og reduserar utslepp frå skog og anna arealbruk. *Klimakur 2030* er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget til regjeringa si klimaplan; *Meld.St. 13 (2020-21) Klimaplan for 2021-2030*, som tar føre seg regjeringa si politikk for å nå Noregs klimamål.

FNs berekraftsmål (2015) er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla gjeld for alle land i verda og har stor innverknad på norsk politikk. *Meld.St. 40 (2020-2021) Mål med mening*, tar føre seg Noreg si handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030.

FN sitt klimapanel samanstillar klimarelevant vitenskapeleg litteratur. Andre del av sjette hovudrapport blei publisert februar 2022, og konkluderar med at verknadene klimaendringane har på naturen er større og meir omfattande enn tidlegare antatt. Det hastar med å legge om til ein klimarobust utvikling, både knytt til å avgrense og tilpasse seg til klimaendringar og samtidig oppnå bærekraftig utvikling.

2.2 Regionale føringer

Ny Regional plan for klima (2022-2035)

Vestland fylkeskommune har høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i *Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024*, og har mål om å inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet. Ny *Regional plan for klima (2022-2035)* er under utarbeiding og skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland fylke for å nå målet om nullutsleppssamfunnet.

Plantema i ny Regional plan for klima vil vere:

- Redusere klimagassutslepp
- Trygt og robust Vestland
- Sikre naturmangfald
- Klimarettferd og folkehelse i klima

Veikart for Haugalandet 2021 – 2025. En felles strategi for næringsutvikling

Veikart for Haugalandet gir retning for det regionale offentlege næringsarbeidet og kva regionen skal prioritere å arbeide med dei neste åra for å auke attraktiviteten og nå målet om bærekraftig verdiskaping og vekst i talet på arbeidsplassar. Regionrådet for Haugalandet er ansvarleg for gjennomføring av Veikartet og Haugaland Vekst koordinerer arbeidet. Eigarkommunane har eit spesielt ansvar for å bidra inn i arbeidet. Eit av dei valde mogleheitsområda er grøn energi og industri, der fornybar energi står sentralt for å redusere utslepp.

Hovedmål: Bærekraftig vekst i verdiskaping og antall arbeidsplasser minst tilsvarende landsgjennomsnittet.



Bærekraftige reisemål

Sunnhordland er tildelt *Merket for bærekraftige reisemål*. Alle regionens åtte kommunar har stått samla om å ta ansvar for ei bærekraftig utvikling. Ordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for å arbeide systematisk og langsiktig med bærekraftig destinasjonsutvikling. I dette arbeidet er det mellom anna krav om at kommunal verksemd er miljøsertifisert.

I arbeidet med å revidere Regional reiselivsstrategi for Haugalandet har også Regionrådet satt seg mål om å utvikle og realisere *Merket for Bærekraftige reisemål*.

Regional plan for areal og transport på Haugalandet

Regional plan for areal og transport på Haugalandet blei vedtatt av Rogaland og Hordaland fylkesting i 2016¹, og legg felles og langsiktige rammer for areal- og transportutvikling i regionen. Planlegging av arealbruk og transportsystem følger dei statlege planretningslinjene for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging, og skal mellom anna bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Regional plan for areal og transport på Haugalandet inneheld mål om utvikling av ein attraktiv region- med levande og

¹ Etter at planen blei vedtatt, har Tysvær, Bokn og Karmøy reist innvendingar til planen. Pkt 7, 11, 12, 14 og 15 i retningslinjene skal derfor bli fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og har inntil vidare ikkje endeleg verknad.

funksjonelle by-, tettstad- og grendesenter, korte avstandar i dagleglivet, miljøvenleg og effektiv transport, gode bokvaliteter og folkehelse, og langsiktig forvaltning av arealverdier.

Regional transportplan Vestland 2022-2033

Regional transportplan Vestland 2022-2033 (RTP) skal sikre ein trygg, berekraftig og nyskapande transportsektor i heile Vestland. Investeringsprogrammet med konkrete lister over prosjekt, blir vedtatt i fylkestinget i juni 2022.

Hovudmål:

«Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»

2.3 Lokale føringar


Samfunnsdel i kommuneplan

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste overordna styringsdokument og seier korleis vi skal arbeide på kort og på lang sikt for å sikre god og ønska samfunnsutvikling. *Kommuneplan for Sveio kommune 2020-2032, Strategisk samfunnsdel*, har eit akseptvedtak i kommunestyret fram til kommuneplan med arealdel blir vedtatt. Dei strategiske prioriteringane i samfunnsdelen tar mellom anna utgangspunkt i FN sine berekraftsmål. Eit av dei fem overordna fokusområda som skal ligge til grunn for alt kommunalt arbeid, er knytt til klimatrusselen.

KLIMATRUSSELEN	<i>Den viktigaste utfordringa som verdssamfunnet må løysa. Sveio kommune må leggja til rette for ei samfunnsutvikling som sikrar at vi når måla i Parisavtalen</i>
-----------------------	--

Sveio kommune må styrkast som ein klimavenleg og attraktiv kommune for folk og næringsliv. Målet er å være ein aktiv pådrivar i energi- og klimaspørsmål. Vi bør arbeide for å leggja til rette for omstilling til berekraftig energiutvinning og gjera det enklare å velja alternative løysningar for å minske energibruken. Utviklinga i kommunen skal i minst moglege grad få negative konsekvensar for viktige miljøverdier. Det blir vektlagt at det er viktig å ha ein medviten miljøpolitikk for å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling. Klimaplanen skal byggje på føringane i akseptert samfunnsdel.

Illustrasjon av utslipp frå eksempelkommune med 10 000 innbyggjarar



Figur 1: Illustrasjon av utslipp frå eksempelkommune med 10 000 innbyggjarar. Kjelde: Ducky.

Gjeldande Energi- og klimaplan 2011-2016


Sveio kommune sin Energi- og klimaplan 2011-2016 inneheld mål og tiltak for redusert energibruk og lågare klimagassutslipp. Dei prioriterte tiltaka i handlingsprogrammet er knytt mot fem kategoriar av hovudmål:

- Redusert energibruk (ENØK)
- Bruk av fornybar energi
- Klimavenleg energiproduksjon
- Lågare klimagassutslipp
- Administrative og organisatoriske mål

Ei statusoversikt over oppfølging av planen (2017), konkluderar med at kommunen i liten grad har lagt energi- og klimaplanen til grunn for drift og utvikling av kommunen. Klimabudsjett 2022 (side 20) viser likevel at det er gjennomført fleire tiltak i den kommunale verksemda dei siste åra.

Klimabudsjett 2022

For å komme i gong med klimaarbeidet valde vi å utarbeide eit klimabudsjett for 2022. Eit klimabudsjett er eit styringsverktøy for å nå mål om å redusere utslipp av klimagassar og andre vedtekne klimamål. Klimabudsjettet er basert på måla i gjeldande energi- og klimaplan og tiltaka fokuserer på direkte- og indirekte utslipp innanfor den kommunale verksemda. Klimabudsjettet er ein integrert del av kommunen sin handlings- og økonomiplan. Gjennom den ordinære rapporteringa knytt til budsjettprosessen skal det og bli rapportert systematisk på tiltak i klimabudsjettet.



Miljøfyrtårnsertifisering

Miljøfyrtårn er ein nasjonal miljøsertifiseringsordning driven av Stiftelsen Miljøfyrtårn. Stiftelsen vart oppretta i 2003 av sentrale organisasjonar i næringsliv og offentleg forvaltning og er no Noregs mest brukte sertifikat for verksemder som ynskjer å dokumentere sin miljøinnsats og syne samfunnsansvar. Miljøfyrtårn er den første nasjonale ordninga i Europa som er anerkjent av EU.

Ved å nytte eit digitalt system får verksemder konkrete verkty for å arbeide målretta med å forbetre miljøprestasjonar innan områda arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Dette gjer verksemder gode forutsetningar for å kunne bidra til å oppnå fleire av FN's bærekraftsmål.

Over 8000 verksemder er sertifisert som Miljøfyrtårn – frå små og mellomstore enkeltverksemder, til store konsern og kommunar. Med tilpassa kriteriar for over 80 ulike bransjar, gjer Miljøfyrtårn berekraft konkret og lønnsomt.

«Kostnaden ved å ikkje handle er langt høgare enn kostnaden ved å ta grep no»
Meld. St. 13 (2020-2021)

Tidleg i 2019 var det planar om å verte sertifiserte ilag med andre kommunar på Haugalandet, via Samarbeidsrådet. Diverre var ikkje kapasiteten stor nok til å gjennomføre dette, og Sveio måtte då trekke opp sporet aleine. Vi fekk mykje hjelp av Stord, og har etterkvart stabla ein organisasjon på beina, som har gjennomført eit solid stykk arbeid. Planen er å verte sertifisert i april 2022, både hovudkontor og bibliotek.

I neste omgang er det skulane som skal være med, deretter barnehagar og helse. Tanken er å sertifisere einingane over 3 årig periode, slik at man ikkje treng resertifisere så mykje på ein gong.

MF-tårn inngår i alle innkjøpsrutinar, anbod, gjennomøfring av nybygg og rehabilitering, samt måten vi organiserar avfallshandtering og køyring mm. Sveio kommune skal sertifiserast etter hovudkontormodellen, og då med alle underliggjande einingar som brukarar. Hovudkontoret er då kommunehuset, med Drift og Anlegg som «eigar». Dei ulike einingane får sine miljøfyrtårnansvarlege, og skal besvare ut oppgåver og kriteriar i Miljøfyrtårnportalen.

3. Administrativ organisering av planprosessen

Organisering av planarbeidet er skissert slik:

Prosjekteigar:	Rådmannen
Styringsgruppe:	Rådmannen sin leiargruppe
Prosjektgruppe:	Adelhei Smeland (Rådgivar, prosjektleiar) Endre Hope (Driftsingeniør drift- og anleggsavdelinga) Ilona Nowak (Rådgivar arealplanlegging) Stine Lise Espeland (Samfunnsplanleggjar)
Ressursgrupper:	Det vil bli oppretta ressursgrupper som får ansvar for eigne tema. Døme på tema og aktuelle deltakarar i ressursgruppene:

Tema:	Ressursgruppe:
Digitalisering/innkjøp IKTutstyr	IKT
Jordbruk	Rådgjevar landbruk/miljø, seniorrådgivar for plan- og næringseininga, eventuelt eksterne ressursar
Innkjøp	Jurist med ansvar for offentlege anskaffingar, andre ressurspersonar som arbeidar med innkjøp
Energiforbruk og energieffektivisering	Drift og anlegg
Bygg	Drift og anlegg
Avfall og avløp	Drift og anlegg, SIM
Vidareutvikling av klimabudsjett som eit styringsverktøy for planen	Prosjektleiar for klima- og energiplanen, økonomi
Klimakommunikasjon, klimamotivasjon og medverknad	Prosjektleiar for klima- og energiplanen, samfunnsplanleggjar, Offentleg Servicekontor
Medverknad frå barn og unge	Ungdomsrådet, kommunens representant for barn og unge, samfunnsplanleggjar
Næringsverksemd	Prosjektleiar næringsplan, representanter i frå lokalt næringsliv
Matsvinn	Kjøkken SOS
Vegtrafikk	Prosjektleiar for klima- og energiplanen, rådgjevar arealplanlegging, oppsynsman veg, Fylkeskommunen

Eksterne aktørar kan bli invitert inn til samarbeid på tema der det er aktuelt.

4. Politisk organisering av planprosessen

Politisk organisering av planarbeidet er skissert slik:

Referansegruppe: Klimautvalet:

Naudsynte politiske avklaringar før endeleg framlegg av plan blir lagt til formannskapet.

5. Plantema

Med utgangspunkt i krav og føringar i *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* er målsettinga at ny klima- og energiplan skal gi oss:


- ❖ **eit kunnskapsgrunnlag** som analyser Sveio kommune sitt klimafotavtrykk.
- ❖ **ambisiøse mål** for reduksjon av klimagassutslepp, effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging i kommunal bygningsmasse.
- ❖ **løysingar som reduserer klimagassutslepp**
- ❖ **eit strategisk styringsdokument** som styrker klimaarbeidet i Sveio kommune.

Plantema	Beskriving
<p><u>Kunnskapsgrunnlag</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Klimagassutslepp<ul style="list-style-type: none">o Direkte utslepp (ssb)<ul style="list-style-type: none">a) Sjøfartb) Vegtrafikk Utslepp frå vegtrafikken og utsleppet frå gjennomgangstrafikken på E39, fv. 47 og fv. 541 skal bli spesifisert.c) Jordbrukd) Anna mobil forbrenninge) Oppvarmingf) Avfall og avløpo Indirekte utslepp (duckey.no)<ul style="list-style-type: none">g) Math) Energii) Transportj) Forbruk av varer og tenester- Energi Energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innan kommunen si grense	<p>Planar som handlar om klima- og energispørsmål bør bygge på analyser av no-situasjonen.</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget til klima- og energiplanen vil ta føre seg ei analyse av direkte- og indirekte klimagassutslepp frå kommunal verksemd og innbyggjarane. Det vil i tillegg bli gjort ei framskriving av venta utslepp fram i tid.</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget blir vedlegg til planen.</p> <p>Samspelet mellom klimagassutslepp, energiomstilling, varetaking av naturmangfald og klimatilpassing vil bli kommentert og vurdert der det er relevant.</p>
<p><u>Ambisiøse mål for</u></p> <ul style="list-style-type: none">- reduksjon av klimagassutslepp- effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging i kommunal bygningsmasse	<p>Fastsette mål for klimagassreduksjon i 2025/2030/2040/2050.</p> <p>Fastsette mål for redusert energiforbruk og mål for energiomlegging i kommunal bygningsmasse</p>

<p>Løysingar som reduserer klimagassutslepp</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tiltak og verkemiddel som reduserer direkte- og indirekte klimagassutslepp i kommunal verksemd. Sentrale tema vil vere: <ul style="list-style-type: none"> • Vegtrafikk, areal- og transportplanlegging • Utslepp i frå kommunal bygningsmasse: <ul style="list-style-type: none"> ○ energibruk og –effektivisering ○ rehabilitering kontra bygge nytt • Landbruk • Innkjøp, forbruk av varer og tenester • Avfall (matsvinn) og avløp • Haldningsarbeid for å motivere tilsette til å kutte klimagassutslepp - Legge til rette for tiltak som kan bidra til reduserte utslepp frå ibuarar og verksemder i kommunen. <ul style="list-style-type: none"> • Haldningsarbeid for å motiver innbyggjarar og næringsliv til å kutte klimagassutslepp 	<p>Løysingar som reduserer klimagassutslepp skal sette kurs for korleis Sveio kommune kan bidra til at Noreg når klimamåla sett i Paris-avtalen.</p> <p>Tiltak for å redusere direkte- og indirekte klimagassutslepp på både lang og kort sikt.</p> <p>Vi skal ha fokus på kva kommunen kan gjere noko med.</p>
<p>Strategisk styringsdokument som styrkar klimaarbeidet i Sveio kommune.</p>	<p>Handlingsprogram med tydeleg ansvarsfordeling, vil bli rullert kvart år og sett i samanheng med klimabudsjett/-rekneskap og budsjett- og økonomiplanprosessen.</p>

Klimaendringar, naturmangfald og klimatilpassing må bli sett i samanheng

Det er eit gjensidig forhold mellom klima, naturmangfald og klimatilpassing. Klimaendringar truar sårbare artar og økosystem. Endringar i mellom anna temperatur og nedbør forandrar levekåra for artar, og kan påverke korleis økosystema fungerer. Samtidig påverkar naturmangfaldet klimaet. Økosystem kan mellom anna binde og lagre karbon. FNs klimapanel har slått fast at ca 23 prosent av dei globale menneskeskapte utsleppa av klimagassar i perioden 2007 til 2016 kom i frå avskoging- og arealbruksendringar. Myr, skog og kystøkosystemer er spesielt karbonrike og derfor viktige å ta vare på (Miljødirektoratet). Naturen er og med på å dempe flom, gir oss goder som rekreasjon, hausting og betre mental helse (www.regjeringen.no). Naturen er altså heilt sentral i møte med klimaendringane vi opplev.



Klimatilpassing i kommunane handlar om å planleggja og få til å gjennomføra «tiltak for å handtere naturfarer slik som flom, ras, stormflo, havstigning, og meir gradvise påverknadar som klimaendringane gir» (ks.no). På den andre sida handlar klimatilpassing og om å utnytte moglegheita som klimaendringane kan innebere (miljødirektoratet). Kommunen bruker mellom anna arealstrategiar og andre planverk (t.d klima- og energiplan) for å stilla krav til tiltak og utbygging som skal ta omsyn til klima- og energispørsmål.

Klima- og energiplanen tar først og fremst føre seg reduksjon av klimagassutslepp. Kommunal oppfølging av naturmangfald og klimatilpassing er/blir omtalt i egne særplanar. Sidan klima og natur heng saman, er det viktig å sjå samhengane slik at tiltak som reduserar klimagassutslepp ikkje går på bekostning av naturmangfaldet. Det å sjå på desse samspelseffektane er nærast fråværande i klima- og miljøpolitikken (Vestlandsforskning). Vi må derfor tilstrebe å sjå klimagassutslepp, biologisk mangfald, klimatilpassing og energiomstilling i samheng.

6. Medverknad

For kommunen vil det også vera ei sentral oppgåve å skapa gode haldningar for å motivere og skape engasjement rundt klima- og energiarbeidet. I Plan- og Bygningsloven § 5–1 Medvirkning står det skrive at:

«Einkvar som fremme planforslag, skal leggja til rette for medverknad. Kommunen skal sjå til at dette er oppfylt i planprosessar som utføres av andre offentlege organ eller private.

Kommunen har eit særleg ansvar for å sikra aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikras gode mogelegheiter for medverknad på annan måte.»

Eit krav er altså at planmyndigheitene skal ha ei åpen, brei og tilgjengeleg medvirkning i lokalsamfunnet gjennom heile planarbeidet, og vera i dialog med organiserte og uorganiserte interesser. Denne føresegna gir planmyndigheitene ei plikt til å iverksette aktive tiltak for å få til den ønska medverknaden (Regjeringa.no).

I Lovkommentaren til Plan- og Bygningsloven (2020) blir det lagt sær vekt på kommunen sitt ansvar for å sikra medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging for å kunne delta. Det blir lagt fram at grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, då skal sikras gode mogelegheitar for medverknad på annan måte.

Gjennom medverknad ynskjer vi å få innspel til plantema, mål, delmål, prioriteringar og tiltak for å redusere klimagassutslepp.

Dei vi ynskjer å invitere spesielt inn i medverknadsarbeidet er:

- Innbyggjarane
- Lokale lag og organisasjonar (Bygdalag, velforeiningar osv.)
- Vår interne kommunale organisasjon
- Barn og unge, skulane
- Politiske utval
- Eksisterande nettverk; Klimanettverk Haugalandet, Næringsforeninga i Sveio, Miljøfyrtårn
- Næringslivet
- Fylkeskommunen
- Våre nabokommunar
- Andre relevante

«To tredjedelar av klimaplanane i verda tar ikkje innover seg barn og unge sine behov og rett til medverknad» (UNICEF)

Lista er ikkje uttømmende

Aktuelle medverknadsaktivitetar:

- Nettbaserte spørjeundersøkingar for å få innspel til tema
- Lunsjpresentasjonar internt i organisasjonen for å informere om arbeidet og motivere til medverknad
- Open invitasjon til kafemøte mellom innbyggjarar og kommune

- Dialogmøte for å få innspel til tema, og etterkvart temabaserte møte for å få innspel på mål og tiltak
- Dialog med aktuelle medverknadsaktørar om korleis drive best mogleg medverknadsprosassar
- Forslag til arrangement; klimaveke, foredrag, temabaserte workshops
- Forslag til verkemiddel: Klimadam/klimatre

Lista er ikkje uttømmende

Det kan bli aktuelt å trekke inn eksterne aktørar for å fasilitere medverknadsprosassar.

7. Behov for utgreiing

Det er ved oppstart av arbeidet med planprogrammet identifisert behov for følgende utredningar:

- Historisk utvikling og status på direkte utslepp innanfor Sveio kommune sin geografiske grenser. Det vil vere fokus på utsleppskjelda sjøfart, vegtrafikk, jordbruk, anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp.
- Utgreiing av indirekte utslepp i frå kommunal verksemd og innbyggjarane i Sveio kommune, det vil seie klimafotavtrykket. Dette arbeidet må bestillast av ekstern aktør.
- Framskrivning av klimagassutslepp og energibruk
- Utgreiing av kva ambisiøse mål Sveio kommune skal sette seg for å bidra til å oppnå ambisjonane i Parisavtalen
- Utgreiing av kva tiltak som må bli gjennomført for at Sveio kommune skal nå sine klimamål
- Utgreiing av klimagassutslepp i samband med jobbpendling. Kva reduksjonar kan ein forventa av klimagassutslepp med ein reduksjon av jobbpendling ved at fleire finn arbeidsplassen sin lokalt og i eigen kommune?

Det er venta å bli trong for fleire utredningar undervegs i arbeidet.

8. Framdriftsplan

FRAMDRIFTSPLAN					
Fase	Prosess	Utarbeiding	Medverknad	Høyring	Politisk handsaming
1	Utarbeiding og høyring av planprogram	Jan - mars 2022	Intern arbeidsgruppe	Blir presentert for klimautvalet 28.mars 2022. Høyringsperiode: juni - aug 2022	Møteserie mai/juni 2022 (vedtak offentlig ettersyn) Møteserie sept 2022 (vedtak planprogram)
2	Utgreiingar og kunnskapsgrunnlag	April - Aug 2022			
3	Utarbeiding av planforslag	Haut 2022/vår 2023	Haut 2022/vår 2023		
4	Høyring plan			Våren 2023	
5	Vedtaksfase				Hausten 2023

Det vil bli møter med referansegruppa når det er trong for det.

Framdriften kan bli forskjøvet da arbeidet med klimaplanen vil vere underordna arbeid med sentrumsplan og kommuneplan.